

Eksamen

29. mai 2018

LBR3003

Gardsdrift / Gårdsdrift

Programområde: Landbruk

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	1
Informasjon om vurderinga	<p>Når du løyser oppgåvene må du beskrive dei vala du tar og grunngje dei. Du viser kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">• Presentere og bruke fagstoff, grunngje synspunkta og forslaga dine til løysing på oppgåva• Trekkje inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva• Gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine• Meistre relevante grunnleggjande ferdigheiter• Bruke eksempel der dette er relevant• Bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og påliteleg måte
Andre opplysningar	

Oppgåve 1 Økonomiske omgrep

- a) Kva meiner vi med omgrepet variable kostnader?
- b) Kva meiner vi med omgrepet faste kostnader?
- c) Kva er skilnaden på ei inntekt og ei innbetaling?
- d) Kva meiner vi med omgrepet produktivitet?
- e) Kva meiner vi med omgrepet likviditet?
- f) Kva er dekningsbidrag?
- g) Kva meiner vi med rekneskap, kva vert det brukt til og kvifor er det det viktig å føre ein nøyaktig rekneskap?

Oppgåve 2 Forsikringar i landbruket

Sjå vedlegg 1, som er eit kart over eit gardstun med tilhøyrande bygningar:

Kyllinghuset er i drift med full kyllingproduksjon, og har utvendige forsiloar. Det vert nytta propan til oppvarming. Låven har ingen dyr og vert brukt til lagerplass for maskiner og reiskapar.

Verkstad/garasje vert brukt til traktor og bilgarasje. Verkstaddelen har gassveiseutstyr, og er godkjent verkstad. Tørka vert brukt til tørking og lagring av korn, og bruker både straum og diesel til tørkeprosessen. Stabburet vert brukt som lagerplass.

Hovudbygninga vert brukt som bustad for familien på garden, og det vert leigd ut to leilegheiter. Kårbygninga vert brukt som bustad for den eldste generasjonen på garden.

- a) Kva for skadar kan ein forsikre bygningane mot? Gjer ei vurdering angående fullverdi og førsterisiko på kvar enkelt bygning.
- b) Det er kyllingproduksjon på garden. Kva slags forsikring dekkjer desse husdyra, og kva kan vi forsikre kyllingane mot?
- c) Kva slags utstyr/materiell inngår i driftslausøreforsikringa?
- d) Forklar kva avbrottsforsikringa dekkjer og kvifor ho er viktig.
- e) I kva for bygningar på denne garden er det krav om brannvarsling?

Oppgave 3 Fornybare energikjelder og energiøkonomisering

- a) Forklar kva vi meiner med ei fornybar energikjelde.
- b) Drøft fordelar og ulemper ved ei fornybar energikjelde du kjenner til.
- c) På eit gardsbruk er det mange bygningar, som har ulike behov for belysning og oppvarming. Ta utgangspunkt i eit gardsbruk du kjenner godt.
 - i. Lag ein oversikt over kva for bygningar som krev belysning og oppvarming, og bygningar som eventuelt berre krev belysning.
 - ii. Drøft korleis du vil løyse energibehovet på dette gardsbruket når det gjeld energi til lys og varme, med omsyn til energiøkonomisering og alternative energikjelder, herunder fornybare energikjelder.
- d) Kva for tilskotsmoglegheiter finst det viss du ønsker å investere i ei fornybar energikjelde?

Oppgave 4 Eigedomsoverdraging i landbruket

- a) Gjer greie for kva det er viktig å tenkje over i forbindelse med generasjonsskifte på ein gard, sett frå høvesvis kjøpar sin ståstad og seljar sin ståstad.
- b) Kvifor meiner du det er viktig å begynne tidleg å snakke om kven som skal ta over familiegarden?
- c) Forklar kva vi meiner med delt eigedomsoverdraging.
- d) Kva går odelslova i korthet ut på?
- e) Odelsrett er ein løysingsrett. Forklar kva det inneber.
- f) Forklar kva vi meiner med åsetesrett og åsetesfrådrag.
- g) Forklar kva som er formålet med konsesjonslova, og kva det vert lagt vekt på når ein konsesjonssøknad blir vurdert av offentlege myndigheiter ("landbrukskontoret").
- h) Kva er skilnaden på ein jordleieavtale og ein forpaktingsavtale?

Oppgave 5 Bonden i arbeidslivet

- a) Når ein bonde treng ekstra hjelp til arbeidsoppgåver på garden, kan han/ho velje å leige inn ein entreprenør til dette arbeidet, eller han/ho kan velje å tilsetje arbeidskraft.
- i. Gje eit eksempel på når det kan vere aktuelt å leige inn entreprenør, og når det er mest aktuelt å tilsetje arbeidskraft.
 - ii. Drøft fordeler og ulemper ved å leige inn entreprenører vs. det å tilsetje folk.
- b) Kva meiner vi med differensiert arbeidsgjevaravgift, og kvifor meiner du det er viktig å ha dette i Noreg?
- c) Nemn tre aktuelle velferdsordningar i landbruket, og gjer greie for ei velferdsordning du meiner er ekstra viktig for ein bonde.
- d) Gjer greie for kvifor det er viktig å ha fokus på HMS på eit gardsbruk.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	1
Informasjon om vurderingen	<p>Når du løser oppgavene, må du beskrive de valgene du gjør og grunngi dem. Du viser kompetansen din i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">• Presentere og bruke fagstoff, grunngi synspunktene og forslagene dine til løsning på oppgaven• Trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for problemstillingene i oppgaven• Gjøre rede for resultatet/konsekvensene av de faglige valgene dine• Mest relevante grunnleggende ferdigheter• Bruke eksempler der dette er relevant• Bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en formålstjenlig og pålitelig måte
Andre opplysninger	

Oppgave 1 Økonomiske begreper

- a) Hva menes med begrepet variable kostnader?
- b) Hva menes med begrepet faste kostnader?
- c) Hva er forskjellen på en inntekt og en innbetaling?
- d) Hva menes med begrepet produktivitet?
- e) Hva menes med begrepet likviditet?
- f) Hva er dekningsbidrag?
- g) Hva menes med regnskap, hva brukes det til og hvorfor er det viktig å føre et nøyaktig regnskap?

Oppgave 2 Forsikringer i landbruket

Se vedlegg 1, som er et kart over et gardstun med tilhørende bygninger:

Kyllinghuset er i drift med full kyllingproduksjon, og har utvendige forsiloer. Det benyttes propan til oppvarming. Låven har ingen dyr og brukes til lagerplass av maskiner og redskaper.

Verksted/garasje brukes til traktor og bilgarasje. Verksteddelen har gassveiseutstyr og er godkjent verksted. Tørka brukes til tørking og lagring av korn, og bruker både strøm og diesel til tørkeprosessen. Stabburet brukes som lagerplass.

Hovedbygningen brukes som bolig for familien på garden, og det leies ut to leiligheter. Kårbygningen brukes som bolig for den eldste generasjonen på garden.

- a) Hvilke skader kan man forsikre bygningene mot? Gjør en vurdering angående fullverdi og førsterisiko på hver enkelt bygning.
- b) Det er kyllingproduksjon på garden. Hvilken forsikring dekker disse husdyra, og hva kan vi forsikre kyllingene mot?
- c) Hva slags utstyr/materiell inngår i driftsløseforsikringen?
- d) Forklar hva avbruddsforsikringen dekker og hvorfor den er viktig.
- e) I hvilke av bygningene på gården er det krav om brannvarsling?

Oppgave 3 Fornybare energikilder og energiøkonomisering

- a) Forklar hva som menes med en fornybar energikilde.
- b) Drøft fordeler og ulemper ved en fornybar energikilde du kjenner til.
- c) På et gardsbruk er det mange bygninger, som har ulike behov for belysning og oppvarming. Ta utgangspunkt i et gardsbruk du kjenner godt.
 - i. Lag en oversikt over hvilke bygninger som krever belysning og oppvarming, og bygninger som ev. bare krever belysning.
 - ii. Drøft hvordan du vil løse energibehovet på dette gardsbruket når det gjelder energi til lys og varme, med henblikk på energiøkonomisering og alternative energikilder, herunder fornybare energikilder.
- d) Hvilke tilskuddsmuligheter finnes det hvis du ønsker å investere i en fornybar energikilde?

Oppgave 4 Eiendomsoverdragelse i landbruket


- a) Gjør rede for hva det er viktig å tenke over i forbindelse med generasjonsskifte på en gard, sett fra hhv. kjøpers ståsted og selgers ståsted.
- b) Hvorfor mener du det er viktig å begynne tidlig å snakke om hvem som skal overta familiegården?
- c) Forklar hva som menes med delt eiendomsoverdragelse.
- d) Hva går odelsloven i korthet ut på?
- e) Odelsrett er en løsningsrett. Forklar hva det innebærer.
- f) Forklar hva som menes med åsetesrett og åsetesfradrag.
- g) Forklar hva som er formålet med konsesjonsloven, og hva det legges vekt på når en konsesjonssøknad blir vurdert av offentlige myndigheter ("landbrukskontoret").
- h) Hva er forskjellene på en jordleieavtale og en forpaktningavtale?


Oppgave 5 Bonden i arbeidslivet

- a) Når en bonde trenger ekstra hjelp til arbeidsoppgaver på garden, kan han/hun velge å leie inn en entreprenør til dette arbeidet, eller han/hun kan velge å ansette arbeidskraft.
- i. Gi et eksempel på når det kan være aktuelt å leie inn entreprenør, og når det er mest aktuelt å ansette arbeidskraft.
 - ii. Drøft fordeler og ulemper ved å leie inn entreprenører vs. det å ansette folk.
- b) Hva menes med differensiert arbeidsgiveravgift, og hvorfor mener du det er viktig å ha dette i Norge?
- c) Nevn tre aktuelle velferdsordninger i landbruket, og gjør rede for en velferdsordning du mener er ekstra viktig for en bonde.
- d) Gjør rede for hvorfor det er viktig å ha fokus på HMS på et gardsbruk.

Denne siden har ikke innhold.
Denne sida har ikkje innhald.

Vedlegg 1





www.vigoiks.no/eksamen